

Sjørøvarkaptein Sprød kjem også i år!

22.04.2010



Sprød klar til å hoppe i havet i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Aktivitetshusets Damevenner er i full gang med å forbereda Aktivitetsdagen 12. juni og **Sjørøvarkaptein Sprød** er snart klar til å sette kursen mot Uskedalen! Det er Anita Enæs som kjem med denne meldinga. Sprød hadde stor suksess med besøket sitt i fjor.

Damevennene treng frivillige til grilling, kakebaking, sal av grillmat, sal av kaffi og kaker, hjelp til diverse aktivitetar, forslag til aktivitetar, parkeringsvakter, sjørøvarar og mykje anna.

Ho minnar og om at det er på tida å laga seg farkost og meldar seg på til 'Hopp i havet'-tevlinga.

Anita har fått denne meldinga fra Sjørøvarkaptein Sprød:

Ship o hoi alle gamle sjørøvervener!

Har ved hjelp av list og lempe (og litt rom) fått tak i Skakkjørte Susanne sitt gamle skattkart og no må vi komma oss ut av bukta før ho får slått alarm og før sola står opp. Vi heiser seil i mørket og set kursen mot Uskedalen kor skatten skal vera nedgravd. Går alt etter planen ankarar vi opp i båthamna 12. juni og vi vil trenga all den hjelpa vi kan få med å leite etter skatten!

Lukta av svovel riv i nasen og ei svart sky trugar i horisonten - eg værer fare! Ein kunne nesten tru at jordas indre har våkna til live, men det aner meg at det er Sjørøver Halefjert som har nokoskummelt fore. Her er det om å gjera å halda augo opne og manøvrera skuta forsiktig blant holmar og skjær til vi er trygt framme i Uskedalen!

Aii, aii og So Long!

Sjørøvarkaptein Sprød



Driftige damevenner som satsar på ein ny suksess: Sara Arnesen, Anita Enæs, Klara Bakke, Randi Nybakk og Mariann Hauso under arrangementet i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)